

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Folkehøgskolane
Folkehøgskoleorganisasjonane
Folkehøgskoleblada

J.nr.129/11/Rundskriv

Oslo 27.9.2011
FHSR-rundskriv 17/11

OPPHALDSPENGAR SKOLEÅRET 2012/2013

Vedlagt følgjer vurderingar Økonomiutvalet har gjort for Folkehøgskolerådet med omsyn til prisutviklinga siste året i høve til utgifter for kost og losji.

Folkehøgskolerådet sender ikkje ut ei tilråding om minsteprisar, men ei oversikt over prisutviklinga, dette av omsyn til dialog med konkurransetilsynet.

Folkehøgskolerådet vil også gjere merksam på at nokre elevar som ber om spesiell diett har utvida økonomisk støtte av denne grunn.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Edgar Fredriksen /s/
-leiar-

Odd Arild Netland /s/
-sekretær-

Opphaldspengar skuleåret 2012-13

Økonomiutvalet har vurdert prisutviklinga i samfunnet siste året i høve til utgifter for kost og husrom. Konsumprisindeksen har auka med 1,6 % frå 15. juli 2010 til 15.juli 2011. Utvalet meiner det vil vera fullt forsvarleg å auka prisane med 3,6 % for 2012-13. Ein tar då med ein ekstra auke i lønnskostnader (som i perioden var ca 4,8 %).

Utgangspunktet er at lønn utgjer 63 % og varedel 37 % av opphaldspengane.

	Skular som 2011-12 nytta:	Endra utgifter for 2012-13:
Kost og husrom	50 465	52 290
Innmeldingspengar	1 259	1 305
Elevar som bur utanom internat	6 883	7 132
Utleige, døgerpris, vanlege kurs:	465	482
Utleige, døgerpris, enklare kurs *:	283	293
Gjestepris: **	75	80
Råkostpris: ***	50	52

Alle prisar er utan mva.

	Innmeldings- pengar	Kost og husrom Dobbeltrum	Tillegg for enkeltrum
Gjennomsnittspris 2011-12	1 621,00	58 106,00	4 235,00
Gjennomsnittspris 2010-11	1 460,00	56 275,00	3 280,00
Gjennomsnittspris 2009-10	1 362,00	54 586,00	4 630,00
Gjennomsnittspris 2008-09	1 213,00	49 939,00	4 480,00
Gjennomsnittspris 2007-08	1 151,00	48 376,00	4 046,00
Gjennomsnittspris 2006-07	1 108,00	46 083,00	
Gjennomsnittspris 2005-06	1 072,00	44 305,00	3 726,00
Gjennomsnittspris 2004-05	1 045,00	42 998,00	
"Midtskulen" tar i 2011-12	1 700,00	56 000,00	5 000,00

"Midtskulen" har like mange skular framfor som bak i "priskøen", eks. skule nr 39 har 38 skular som er billigare og 38 skular som er dyrare.

* Utleige, enklare kurs: Denne prisen forutset overnatting på rom der kursdeltakarane sjølv gjer reint, ryddar rommet, event. overnatting på sal; eige sengetøy, hjelpe til i matsal, servering og rydding.

** Gjestepris per elev/døger ved innkvartering ved andre folkehøgskular

*** Råkostpris: Sats for refusjon av kostpengar til eigne internatelevar ved turar etc. per døger.

Gjeld elevar, elevgrupper og skular som må/vil nytta andre skular som innkvartering i samband med prosjekt, ved gjennomreise eller anna opphald som blir avtalt på førehand dersom skulane har slik kapasitet.